

Ola Volden:

Jullag på Båggåstronda

Jullaga var ein tradisjon på Stronda over lang tid, iallfall i minst 20 år frå rundt 1935 til ca. 1960. Det er noko uvisst korleis det heile starta og kva personar det var som sette det i gang. Eg veit heller ikkje om slike lag var tradisjon på andre kantar av bygda. Mine jamaldringar og eg har våre minne om jullaga frå krigsåra.

Båggåstronda vart ofte kalla «Skikjelkesida», og det er vel truleg at anten vi brukte skikjelke eller vanleg kjelke, så var det alltid nok bakkar og snøføre. Asgeir Norheim fortalde meg ein gong at når skuleungane frå Norheim og Farbregdom kom åt Nystun, kunne dei henta konnstaur under buret der og bruka som «styrstong» nedover Snøvesbakkane. Dei hadde grei avtale med far om dette, men vilkåret var at dei kvar gong måtte ta med staurane oppover att på veg heim!

Det var borna og heimane som stod bak jullaga. Mange heimar var villige til å vera vertskap, og borna ordna sjøl med invitasjonane på skulen. Det var ikkje berre klassekameratar som vart bedne, men òg eldre og yngre søsken, slik at det fort vart 15–20 born i kvart laget – truleg enda fleire av og til.

For heimane var det slik at dei ikkje kunne kasta ut jultreet før jullaget var over. Når vi tenkjer på at «sesongen» kunne vara til uti februar, skjønar vi at nålene på jultrea nok var noko slitne, sjøl om trea stod i ei kald finstuggu.

Borna sokna til Vollan skulekrets, og dermed var alle med frå Ørstem og Farbregdom til uti Vika. Mjøa og Hevle sokna òg til Vollan, men eg er noko uviss på kor mykje dei var med. Det kunne vel variera noko. Læraren nedpå Vollom, Peder Nilssen, var godt orientert om jullaga, og var sjøl ivrig på at borna skulle syngja og leika. Det vart også gjort på jultrefestane på Vollom, blant anna oppå «sala» i den gamle skulestova.



Vollan skule stod sentralt i jullag-tradisjonen. I god tid før jul fekk elevane friska opp att julletkane, og lærar Peder Nilssen var aktivt med. – Bildet viser den gamle skulebygningen, som brann ned i 1942.

Vi song mykje både på skulen og heime, også dei vaksne. Det var mange gode songarar på Stronda, og ungdomane fekk i gang eit songkor med Oddvar Hoel som leiar og dirigent. Dette koret var aktivt i ei eller anna form til bortimot 1950, da det etter kvart gjekk inn i Oppdal songlag. Vi unge kunne gå inn i koret etter kvart som vi vart vaksne.

Kva gjorde vi så på jullaga? Ja, sei det! Det

kunne byrja pent og pynteleg med vanlege julsongar og gang rundt jultreet, men etter kvart kvikna det til. Det var ei imponerende samling av song- og danseleikar, så mange at det enno er ei gåte for meg korleis vi kunne læra alle, men det gjekk av seg sjøl. I utgangspunktet var det ringdansar, gjerne med to ringar som veksla med kvarandre på ymse vis. Leikane hadde sine faste turar som stadig veksla, og vi song heile tida. Eg har serleg merka meg at språket i tekstene var svært nordisk, og røynde det på med kunnskapen, kunne vi spe på med litt dialekt. I mange songar var det innslag av svensk tekst. Eit døme på det kan vera *Det er moro å gå i ringen*, der ei av strofene lyder slik:

*Vi skal dansa til solen
rinner opp.
Hei hopp min skjøna.
Vi skal dansa i det grøna.*

Songrytmene kunne vera både vals, rheinlender, springar og «skosk». Slik skapte vel også leiktradisjonen grunnlag for dans seinare i ungdomsåra.

Eg vil ha det til at leikane var sosiale på den måten at alle kunne vera med heile tida. I nokre turar skulle det rett nok vera jente/gut, men dette veksla så fort at ingen kom på sidelinja lenge om gongen. Av og til hende det òg at det var borddame/bordkavaler. Spannande! Vi må elles seia oss imponert over at heimane kunne by på så god mat og drikke, særleg i krigsåra da rasjonane var heller snaue.

I samband med leiken og dansen har eg ofte spekulert på om vi sette att beksaumskorne ute i gangen. Eg er neimen ikkje sikker! Men no var det solide tregolv på gardane i den tida, og eg hugsar òg at golva gjerne vart måla ein gong om året.

Jullaga vart haldne laurdagskveldane, og eg hugsar ikkje heilt kor strenge reglane var for når vi skulle slutta. Men i alle høve vart nok klokka rundt elleve. Da gjekk vi puljevis heim, mange minne rikare, men sikkert òg litt trøtte sundagsmorgonen.

Eg er ikkje oppdatert på repertoaret av leikar og dansar som vi nytta, og vil derfor ikkje gå i detalj på det. Vi hadde nok også med songar som har vore meir vanleg kjende opp gjennom tida, til dømes *Reven rasker over isen*, *Så går vi rundt om en enebærbusk*, *Bro, bro brille* og *Hei, tomtegubbe*.

Det er eit tidsbilde eg har prøvd å skildra. Men som eg nemnde i innleiinga, er minnet mitt avgrensa til fire-fem år under krigen. Eldre og yngre årsklasser kan ha hatt andre opplevingar og inntrykk.

Ein sluttmerknad:

Ragna Sæteren, som var aktivt med i desse jullaga i sin ungdom, skreiv for mange år sidan ned tekster til songar som vart bruka. Erik Viken arbeidde vidare med dette materialet, og fekk inn nokre fleire tekster. Han har no tekstene til kring 15 julleikar og nedteikningar om sjølve leikforma til ca. 10. Materialet har vore bruka ein del i grunnskulen i Oppdal.

Stolpekistene i Oppdal

Bøgda vår hadde i 2001 ein artikkel om stolpekista frå 1200-talet som står i kyrkja på Vang. Sidan er det blitt registrert tre kister av same slaget på gardar i Oppdal. Alle er no daterte med hjelp av årringsanalyse (dendrokronologi), og det viser seg at dei har svært ulik alder: To er frå 1200-

talet og ei frå 1500-talet, mens den fjerde skriv seg frå tida rundt 1800. Førstekonservator Elling Alsvik ved Trøndelag Folkemuseum skal seinare i år sjå nærare på kistene og måten dei er laga på. Resultatet av denne undersøkinga vil han legge fram i ein artikkel i neste utgåva av Bøgda vår.